



Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Tingvoll, 11.10.2014

NVE

FRÅSEGN – SLEMMEELVA KRAFTVERK I RAUMA KOMMUNE

Denne fråsegna er skriven i samråd med Naturvernforbundet i Rauma.

Som følge av mange småkraftverksaker i Møre og Romsdal på høyring i løpet av kort tid, har vi ikkje hatt høve til å undersøke vassdraget no. Men det er i alle fall to spørsmål vi meiner det er nødvendig å peike på.

Slemmemyrane

Ein mindre del av Slemmemyrane vil bli noko råka. Slemmemyrane er eit spesielt myrområde i Møre og Romsdal. Dermed står denne myra i ei særstilling på mange måtar, fordi det er få andre stader ein har så store myrer i same høgdelag. Ei myr består også av randsoner, og ei stor myr har randsoner med kvalitetar som små myrer ikkje utan vidare har. Difor er eit inngrep som foreslått i denne saka i Slemmemyrane ugreitt.

Vi må elles peike på at verdiane knytt til Slemmemyrane har blitt råka av at det er ein turveg under opparbeiding kring Herjevatnet. Dette må ein ta omsyn til i form av at terskelen for ytterlegare inngrep må setjast høgare.

Samanlikning med andre vassdrag, pkt. 6.3 i biologisk mangfaldrapporten

I biologisk mangfaldrapporten s. 40 er det sagt om samanliknbare vassdrag:

«Raumavassdraget er eit varig verna vassdrag, og mykje av dette ligg innanfor kommunegrensene til Rauma kommune. Det er også verna vassdrag i nabokommunane, men færre i kommunane ut mot kysten. Samstundes er mange mindre elvar i nærområdet til det planlagde tiltaket allereie regulert til kraftproduksjon (Sjå kartet under!). Det er også kjent at det ligg føre planar om utbygging av fleire vassdrag i Rauma og kommunane rundt, men ein må likevel leggja til grunn det som er situasjonen i dag. Det er grunn til å tru at det framleis finst nokre mindre vassdrag som har

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

v/Øystein Folden, 6630 TINGVOLL

Telefon 918 12 542 – epost moreromsdal@naturvernforbundet.no – internett

www.naturvernforbundet.no/mr

liknande kvalitetar som Slemmeelva, både i Rauma og i nabokommunane. Ein vurderer det difor slik at verdiane kan verta tekne vare på av andre ikkje utbygde vassdrag i Rauma og andre stadar i Romsdal.»

Denne utsegna klargjer ikkje i det heile om det finst vassdrag med liknande verdiar i området. Slemmeelva har mellom anna opphavet sitt knytt til ei av dei store myrene i området. Ingen av dei nemnte vassdraga har noko som liknar. Naturvernforbundet krev at samanliknbare vassdrag blir namngitt, elles må ein rekne punktet som ikkje oppfylt.

Vassdrag som er omsøkt utbygd må ein elles ta omsyn til kan bli utbygd, jf. nml. § 10. Det går ikkje an å bygge ut Slemmeelva fordi eit anna vassdrag har liknande kvalitetar, så lenge det ut frå statistikken vil vere minst 50% risiko for at det andre vassdraget blir bygd ut.

Med vennleg helsing

Øystein Folden
leiar i Naturvernforbundet i Møre og Romsdal